



Siger og tap for J13-laget(R/U1)

**Den andre kampdagen i Norway Cup er nett avslutta, og dei unge fotballspelarane våre har gjort ein flott innsats. Nokre vann og er sjølvsagt fornøgde med det. Andre tapte og er kanskje misfornøgde. Felles for alle er at dei har det kjempekjekt og får både nye venner og minne. I dag var også veret betre.**

Rosendal/Uskedal 2 med uskedalingane Torstein, Marius og Sondre Myklebust som sentrale spelarar vann storsiger også i dag. Etter 8 - 2 siger i går følgde dei opp med 9 - 1 siger mot Høyang i dag, og dermed er dei allereie klare for A-sluttspølet.

I J13 har Rosendal/Uskedal to lag. Ida Marie Eidsvik, Thea S. Taranger og Hanna Tvilde spelar på R/U 1 medan Camilla M. Ripel og Amalie H. Rød spelar på R/U 2. R/U 2 spela ein kamp i dag der dei tapte 0 - 3 mot Hasundgot. R/U 1 spela to kampar. Først vann dei 4 - 0 mot Varpe 2 før dei i kveld tapte 4 - 5 mot Batnfjord etter å ha leia 3 - 0. Surt tap i ein kamp der Hanna Tvilde scora 2 mål.

#### **Dagens resultat:**

G16: Kvass/Ulvungen - R/U2 8 - 0  
 G13: Rosendal - Bjørn 3 - 4  
 G16: Høyang - R/U2 1 - 9  
 J13: R/U2 - Hasudgot 0 - 3  
 G19: Hommelvik - Rosendal/Trio/Halsnøy 1 - 2  
 J13: Varpe2 - R/U1 0 - 4  
 G14: Sand - R/U 0 - 2  
 J14: Rosendal - Hessa 1 - 5  
 J13 : R/U1 - Batnfjord 4 - 5



Solid heiagjeng. Her frå G16-kamp.

Vi minner om at det er svært god oppdatering av kampane på Rosendal TL si facebook-side. De finn også resultatata på [Norway Cup si resultatside](#). Då det var ulikt resultat på eit par av kampane, gjer eg mersam på at eg refererer resultatata frå sistnemnde side.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Haldis Åkra og Rosendal TL